

# FJELL KOMMUNE

Servicetorgsjefen

Dato: 17.04.2009  
Vår ref.: 2009/391 - 7149/2009  
Ark.kode: 022.3

## Notat

---

**Til:** Eldrerådet

**Frå:** Kristin Nilsen, Servicetorg/fellestenesta

---

### **Gjeld: Referat frå eldrerådsmøte måndag 23.03.2009**

---

Møtestad: Fjell rådhus tid: 11:00-12:30

Til stades: Johanne Ågotnes, Einar Lotsberg, Sara Einarsen, Edith Sønnervig, Olav Knappskog, Aagot Andersen.

Ikkje tilstades: Solveig Bjørdal og Åslaug Sherling.

Ekstra inviterte: Rådmann, ordførar, Erik Søderberg og Knut Miland

#### **Sak 05/09 Orientering om Fjell Seniorsenter v/ Knut Miland**

Knut Miland orienterte om seniorsenteret. Senteret har ope kvar dag frå kl 10-15 med sal av kaffe og vaffler. Senteret er godt besøkt og fredag er den dagen det er mest besøkjande.

#### **Sak 07/09 Orientering om kommunedelplanen for Ågotnes senter**

Johanne Ågotnes orienterte frå idedugnads møte med plan og utbyggingsjefen. Ågotnes grendalag har sendt innspel til kommunedelplanen for Ågotnes senter.

#### **Sak 10/09 17. mai feiring 2009**

Erik Søderberg frå bu-og servicesenteret kom med innspel til eit samarbeid rundt 17.mai feiringa på bu - og servicesenteret.

Representanter i eldrerådet vil vera initiativtaker til 17. mai feiringa. Erik Søderberg stiller seg til disposisjon når det gjeld annonsering og invitasjon. Leiar i eldrerådet tar kontakt med Erik Søderberg for å avtale nytt møte vedkomande 17. mai. Her må ein også få med sentrale personar frå andre lag. Rådmannen og ordføraren var klar på at 17. mai feiringa på bu - og servicesenteret ikkje er eit kommunalt arrangement. Her bør vi bevare det frivillige arrangement.

### **Sak 11/09 Krans på minnestøtta til dr. Gjelstein**

Kommunen/ordfører tar ansvar for at det blir lagt ein krans på minnestøtta.

### **Sak 12/09 Markering av eldredagen.**

Kommunen vil vera med å gje eit bidrag til eldredagen.

### **Sak 13/09 Ymse**

Knut Miland orienterte frå kurset i Melsomvik 26-30 januar.  
Eldrerådet sin rolle og funksjon. ( Norsk senter for seniorutvikling)